



Voss Kommune

Dato: 14.10.2015  
Vår ref.: 2014/215-23  
Saksbehandlar: gunaust  
Dykkar ref.:

## **Fråsegn frå fylkeskonservator - tilbygg Voss Gymnas - gnr 47 bnr 129 - Voss kommune**

Vi viser til brev datert 05.06.2015 om søknad om tilbygg til Voss Gymnas på Skulehaugen, Voss kommune. Hovudføremålet med reguleringa er å leggje til rette for eit nybygg/ tilbygg på nær 15.000 m2 BRA. Reguleringsplanen 09010, Detaljregulering for Skulehaugen har følgjande pkt.2.1.4:

2.1.4 For område U og SF skal detaljerte fasadeteikningar sendast på høyring til fylkeskonservatoren før tiltak kan godkjennast i områda.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

### **Vurdering**

Voss Gymnas ligg på eit platå beståande av eit større parkanlegg som høyrer til skulen. Voss Gymnas vart oppretta i 1910 og i 1914 vedtok Stortinget, opprettinga av landsgymnas i Noreg. I 1916 startet byggingen av landsgymnaset, som stod ferdig i 1919, etter teikningar av Henry Bücher. Voss gymnas er eit skulebygg i gjennomført i jugendstil, oppført med murkonstruksjon. Bygget står i dag nærare urørt i form og med fleire opphavlege detaljar i eksteriør og interiør.

Sikring av kulturminneverdiane knytt til Voss Gymnas har vore ein del av prosessen og ein har unngått konflikhtar.

Når det no vert lagt tilrette for eit omfattande nybygg i tilknytning til Voss Gymnas har vi ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på Voss Gymnas og eventuelle kulturlandskapstrekk knytt til bygningen og kulturmiljøet.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader til planen når det gjeld kulturminne.

### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune vil ikkje rå i frå forslag til nybygg/tilbygg på Voss Gymnas, Voss kommune ut i frå omsynet til kulturminneverdiane.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Gunnbjørg Austrheim  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*